

16/2484

20-August-2018

Odd Geir Feste (gnr. 70 bnr. 1) Festevegen 431, 5912 Seim

Karl Feste (gnr. 70 bnr. 4) Haukåsvegen 17, 5912 Seim

Ola K. Feste (gnr. 70 bnr. 5) Haukåsvegen 18, 5912 Seim

MOTTATT  
17 AUG 2018  
A.F

Feste 17.08.2018

Til Lindås kommune,

Kvernhusmyrane 41

5914 Isdalstø.

### **Vedkjem reguleringsplan Feste kai- og næringsområde.**

Oppstart og utarbeiding av denne planen har vore gjennomført med minimal informasjon til oss tilstøytande grunneigarar. Det vesle me har fått av informasjon utanom ei lysing i avisa, har me sjølve skaffa oss. At det i planen kjem fram tiltak og løysingar som me kan tenkja oss endra, er heilt normalt. Men at planen inneheld faktafeil berre av di ein har vald å ikkje ha kommunikasjon med tilgrensande grunneigarar, vel me å tru skuldast tankeløyse og ikkje vond vilje.

Trass i denne noko uheldige oppstarten, trur me framleis at det er mogeleg å kome fram til løysingar i området som tilfredsstillar tiltakshavar samt oss og dei andre som har bruksrettar innanfor planområdet. Sjølv om det er knapt med så vel land- som sjøareal innanfor området, er me overtydde om at det kan finnast plass til å stetta alle sine rettar og krav. Med dei tiltak som me vidare føreslær, kan me ikkje sjå at vår eigedom (70/19) treng vere med i planområdet for å få reguleringsplanen godkjent.

Med dette som utgangspunkt, kjem me med desse innspela til "Reguleringsføresegner for Feste kai- og næringsområde:

4. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur.

4.1 Køyreveg. (SV)

Denne vegen er teikna inn på skrå over 70/19 i tillegg kan den på det utsendte dokument synast å vera nokså brei. Me meiner at denne vegen bør fylgje fylkesvegen ned til støypt trappeplattform på utsida av vegen og så svinge inn på nordvestre hjørne av 70/19 og vidare inn på 70/10. Breidda bør vere som fylkesvegen 3 m.

*I tillegg til det som er nemnt i føresegnene bør denne vegen også vere tilførselsveg til SPA 2 og SPA 3. (Utanfor vår eigedom)*

4.2 Annan veggrunn – teknisk anlegg (SVT)

Dette er fylkesvegen (404) og skal i tillegg til bruk nemnt under pkt. 4.1 nyttast som tilkomst til Feste kai. *Den vil også vere naturleg tilkomstveg til bensinpumpene, teknisk anlegg (drivstofftankar) og parkering SPA 2. (Utanfor vår eigedom)*

4.3 Parkeringsplassar.

SPA 4. (70/19) Denne er pr. dato nytta fritt til parkering og snuplass. For det meste er det kundar til butikken som nyttar plassen. Feste Nærkjøp vil få tilbod om leige av parkeringsplassar her. Dei resterande plassane vil me som grunneigarar disponere. I tillegg skal plassen nyttast som snuplass i samband med bruksretten til Feste kai.

Plassen er ikkje oppmerka for parkering. Det er heller ikkje gjeve tilbod om leige av parkeringsplassar til Feste Nærkjøp enno. Grunnen er at det tok 6 mnd. frå vilkåra for vårt kjøp var innfridde til me fekk skøyte frå Lindås kommune på plassen. (Fekk skøyte i slutten av Juni.) Når ferietrafikken har stilna vil me merke opp plassen og kome med tilbod om leige av parkeringsplassar til Feste Nærkjøp.

Kloakkum og leidning.

På SPA 4 ligg det kloakkum og leidning tilhøyrande dei bu einingane som ligg innanfor planområdet. Anlegget er sikra slik at arealet det ligg på kan nyttast som trafikkareal. Me er ikkje kjende med at det føreligg nokon avtale om plasseringa av dette anlegget.

*Det synest naturleg at ansvar for at anlegget til ei kvar tid er i forskriftsmessig stand samt drift og vedlikehald kviler på gnr 70 bnr 9, 10 og 26.*

#### 4.4 Snuplass.

I nord austre hjørne er det sett av 5 parkeringsplassar til dei 5 bruka som eig nausttomtar på vestsida av vegen. Tilkomsten til desse parkeringsplassane går over den grunnen me same 5 avstod til Statens Vegvesen i samband med bygging av snuplass og plass for bosscontainerar. (Ikkje over 70/19 slik det står i føresegnene)

#### 5. Bruk og vern av sjø og vassdrag.

##### 5.1 Hamneområde i sjø (o\_VHS).

Bruksretten til Feste kai synest vere i vare teken med omsyn til tilkomsten fram til kaien. Andre tiltak i området er ikkje til hinder for oss og våre sjørettar og vert difor ikkje omtala noko meir.

##### 5.2 Småbåthamn (f-VS) Her er det gjeve oversikt over bruken av området (f-VS).

Området som skal nyttast som tilkomst til innsida av flytebryggjene med fortøyingsbommar er ikkje nemnt. På det same arealet skal det vera høve til i landstiging ved trappa vest for fylkesvegen samt fortøyingsplass og manøvreringsareal i samband med nausta våre. At vika innanfor (f-VS) er langgrunn, forverrar stoda. I tillegg er det bylgjer frå passerande båtar som reduserer arealet med trygg djupne for ferdsel med motor. (EIT DRONE BILETE PÅ NESTEN FJØRE SJØ)

Denne løysinga vil vera utilfredsstillande for så vel oss som nausteigarar som for brukarar av flytebryggjene.

Når me så kategorisk slår dette fast, er det fordi me i lang tid har hatt tiltakshavar sine flytebryggjer liggjande i området. Bryggjer som er monaleg større enn løyvet og som i tillegg har vore feilplassert og brukt annleis enn

løyvet frå 1987 tilseier. Forsøk på å få flytta denne har ikkje ført fram.  
(Skriftleg klage til kommunen står etter 10 år framleis utan svar.)

Vårt framlegg er at flytebryggjene med tilhøyrande gangveg vert flytt frå sør vestre til nord vestre hjørne av Feste kai (gnr 70 bnr 27). Med ei slik flytting vil ein også oppnå ein monaleg tryggleiksvinst ved at i landstiginga frå flytebryggjene vert flytt frå ei trafikksone til ei gangzone. Tilhøva for lossing/ lasting av båt ved kaien må vera uendra i høve til vedtak i sak nr B-129/87 i Lindås bygningsråd. Møtedato 29.04.87.

Slik reguleringsføresegnene er utforma, kan kven som helst leige plass ved flytebryggjene. Rett nok har dei som har opplagsplass førerrett. Om ein berre legg tal "båsar" til grunn vil det vere frå minimum 10 til maksimum 50 plassar til utleige alt etter kor mange av dei som har opplagsplass som vil nytta seg av tilbudet om båtplass.

I føresegnene må det vera bestemt kor stort tal båtplassar som kan leigast ut på fritt grunnlag.

Det må også vera med ei oversikt av trafikkauke på land og korleis trongen for parkeringsplassar er tenkt stetta ved ei slik utleige av båtplassar som reguleringsplanen gjev mogelegheit for.

Mvh.

Odd Geir Feste,

(sign.)

Karl Feste,

(sign.)

Ola K. Feste.

